



## Historiske kulturminne

Ta med deg familien til museums-gården Kolbeinstveit og opplev eit levande gardstun og unike kulturminne. Her finn du også Guggedalsloftet frå 1281 som er den eldste trebygningen i Rogaland. Besøk gjerne husmannsplassen Røynevarden og ta inn utsikta over Hylsfjorden frå det historiske klyngetunet ved Litunet. Med appen «Ryfylkemuseet» kan du med GPS lære meir om historia til desse historiske bygga.

## Bygdeskattar

Ta gjerne rusleturen ned til gamle Osen og kom tett på Suldalsvatnet. I sentrum er det matvarebutikkar, parkering, offentleg toalett, overnatting og bensinstasjon.

## Vandring og utsiktspunkt

Leitar du etter ein enkel tur for store og små er Førlandsøyane og Ritlandsvatnet-rundt gode tips. Her går turen langs grusveg og fine stiar tett på elv og vatn. Ritlandsvatnet er også ein populær badeplass. Vinjanuten og Stråpanuten byr på fantastisk utsikt, medan ein ved Bjøldenuten kan besøke dagsturhytta.

## Fiske i vatn og elv

Suldalsosen byr på ei rekke flotte fiskemoglegheiter. Suldalslågen er ei populær lakseelv som fylles med hundrevis av laksefiskarar kvar sommar. Fiskekort får ein frå grunn-eigarane langs elva, som ein kan lese meir om på sulfalslagen.no. I Suldalsvatnet kan ein leige båt eller kano og fiske deg herleg aure til middag. Fiskekort får du tak i på visitsuldal.no og inatur.no. Hugs å gjera deg godt kjend med reglar og normer før du startar fisket.



Lægabruna. © Skattkammeret Suldal. Foto: Bjarte Skipavåg



Kolbeinstveit. © Skattkammeret Suldal. Foto: Lise Bjelland



Kvednahålo. © Ryfylkemuseet. Foto: Suldal Foto



Lægåun Hytte. © Skattkammeret Suldal. Foto: Lise Bjelland



**Suldalsosen** finn du langs Rv 13 ved Suldalsvatnet, om lag 20 km frå kommunesenteret Sand. Den flate dalbotn er omgitt av skog og høge fjell med Vinjanuten som det høgaste på 1105 meter over havet. Suldalsosen har vandreturar for ein kvar smak, langs vestlandets mest vassrike elv og ein av dei djupaste innsjøane i Noreg, opp fjelltoppar og i spanande terrengr.



You will find **Suldalsosen** by Suldalsvatnet lake along the Rv13 highway about 20 kilometres from the municipal centre at Sand. The flat valley floor is surrounded by forests and high mountains, of which Vinjanuten is the highest at 1105 metres above sea level. Suldalsosen offers walking for hikers of all ages and abilities, both along the most voluminous river in Western Norway and one of the deepest lakes in Norway, and in exciting mountain landscapes up to the highest peaks.



Turkart  
Hiking

## Suldalsosen

Gode naturopplevelingar tett på elv og vatn  
Experience nature along the river and lakeside

Rute Route	moh m.a.s.l	Timar Hours	Lengde Distance	Parkering Parking
1. Midtstolen	550	2,5	6	Kolbeinstveit
1a. Midtstolen via Brustveitkilen	550	2,5	6	Kolbeinstveit
2. Stråpanuten	431	2	6	Suldalsosen
2a. Bjødlenuten dagsturhytte	304	1,5	4,5	Suldalsosen
3. Vinjanuten	1105	7	13	Vinjar skule
3a. Gunntveitåsen	414	2	4	Suldalsosen
3b. Prestastolen	550	3	7,5	Vinjar skule
4. Prestavika-Vinjar skule	70	0,5	1,5	Vinjar skule
5. Mehushaugen/Kariåsen/Lunde	150	2	4	Vinjar skule
6. Ritlandsvatnet rundt	70	2	6	Vasshus
6a. Ritlandsvatnet/Vassbotn	70	1,5	4	Vasshus
7. Førlandsøyane	48	2	5	Førland grendehus
8. Stråpa/Berge/Vik, rundtur	300	2	5	Suldalsosen

! Timar/km gjeld rundtur eller tur/retur. Hours/distance includes return.

#### Gradering av turstiav Rating of hiking trails

- █ Lett/Easy. Kan gjennomførast av alle.  
For anyone and everyone.
- █ Middels/Medium. For den vanlege trimmar.  
For those of average fitness.
- █ Krevjande/Challenging. For den erfarne turgåar.  
For experienced hikers.
- █ Ekspert/Expert. For erfarne fjellfolk.  
For mountain experts.

Turar og beskrivinger:  
Hikes and descriptions:  
[ut.no](http://ut.no) [visitsuldal.no](http://visitsuldal.no)

